

PERMISJONSREGLEMENT

VOSS HERAD





PERMISJONSREGLEMENT

Innhald

PERMISJONSREGLEMENT	0
1 Reglementet gjeld for	2
2 Ansvar	2
3 Rettar ved innvilga permisjon	2
3.1 Lønsansiennitet	2
3.2 Pensjonsmedlemskap	2
3.3 Medlemskap i kommunen sine tariffesta forsikringsordningar	2
3.4 Sjukepengar og andre ytingar etter folketrygdlova	2
4 Lovbestemte permisjonar	3
5 Permisjon ved sjukdom ut over 1 år	3
6 Velferdspermisjonar	4
6.1 Permisjon med løn	4
6.2 Permisjonar utan løn	5
7 Permisjon ved utdanning, kurs og oppdrag	5
7.1 Utdanningspermisjon, jf. HTA § 14-2	5
7.2 Permisjon ved eksamen, jf. HTA § 14-4	5
7.3 Bindingstid, jf. HTA § 14-3	5
7.4 Permisjonar ved kurs	6
7.5 Oppdrag for eksterne kurs- og opplæringsinstansar	6
8 Permisjon for utføring av verv	6
9 Andre permisjonar	7
10 Klage på permisjonar	7
11 Implementering og revidering	7
Dokument – ID	7



1 Reglementet gjeld for

Permisjonsreglementet gjeld alle tilsette med eit fast forpliktande arbeidsforhold i Voss herad. Reglementet gjeld òg tilsette i kommunale føretak.

2 Ansvar

Mynde til å innvilga permisjonar følgjer av rådmannen sitt delegeringsreglement.

3 Rettar ved innvilga permisjon

3.1 Lønsansiennitet

Permisjon med heil eller delvis løn vert medrekna i lønsansienniteten. Det same gjeld foreldrepermisjon inntil to år.

Permisjon utan løn avbryt opptening av lønsansiennitet, med følgjande unntak:

- Foreldre- og adopsjonspermisjon utan løn vert godskrive med inntil to år. Det same gjeld permisjon ved fosterheimsovertaking
- Omsorgspermisjon utan løn vert godskrive med inntil eitt år. Med omsorgspermisjon er meint omsorg for born, pleie av eldre eller sjuke
- Uløna utdanningspermisjon vert rekna med inntil eitt år når utdanninga har betydning for den tilsette sitt arbeid i kommunen
- Uløna permisjon for å utføra offentleg verv og verv i arbeidstakarorganisasjonar vert rekna med
- Uløna permisjon i samband med tvungen verneplikt/sivilteneste vert rekna med

3.2 Pensjonsmedlemskap

Arbeidstakar som er innvilga permisjon utan løn for ein periode lengre enn ein månad, vert meldt ut av pensjonsordninga. Arbeidstakar får samstundes tilbod om frivillig medlemskap etter dei reglane som gjeld i pensjonsordningane.

3.3 Medlemskap i kommunen sine tariffesta forsikringsordningar

Arbeidstakar i permisjon, både med og utan løn, er omfatta av gruppelivsforsikringa etter hovudtariffavtalen (HTA) § 10 under heile permisjonsperioden.

Yrkeskadeforsikring etter folketrygdlova og hovudtariffavtalen § 11 gjeld ikkje for arbeidstakar i permisjon.

3.4 Sjukepengar og andre ytingar etter folketrygdlova

Under permisjon, både med og utan løn, vert det ikkje gjeve sjukeløn ved sjukdom. Dersom tilsett vert sjukmeldt under foreldrepermisjon vert det gjeve sjukeløn når vedtak frå NAV ligg føre.

Permisjon utan løn kan få betydning for arbeidstakar sine rettar til sjukeløn når den tilsette er tilbake i stillinga, jf. folketrygdlova kapittel 8.



I dei tilfella der ein arbeidstakar vert sjuk før permisjonen tek til, og sjukdommen medfører at vedkomande ikkje kan nyttiggjera seg permisjonen, kan arbeidsgjevar akseptera at permisjonen fell vekk eller vert utsett. I vurderinga må det mellom anna takast omsyn til lengda på permisjonen, føremålet, samt korleis arbeidsgjevar har innordna seg etter permisjonssøknaden.

4 Lovbestemte permisjonar

Tilsette har m.a. rett til fylgjande permisjonar heimla i arbeidsmiljølova § 12:

- [Svangerskapskontoll §12-1](#)
- [Svangerskapspermisjon §12-2](#) Sjå [§ 12-6 om delvis permisjon](#)
- [Omsorgspermisjon, § 12-3](#)
- [Fødselspermisjon, § 12-4](#). Sjå [§ 12-6 om delvis permisjon](#)
- [Foreldrepermisjon, § 12-5](#). Sjå [§ 12-6 om delvis permisjon](#)

- [Ammefri, § 12-8](#). Sjå òg [hovudtariffavtalen kapittel 1, punkt 8.3.4](#).

Dersom arbeidstakar ynskjer fri med løn for å amme barn eldre enn 9 månader, kan arbeidsgjevar be om dokumentasjon frå lege/helsesjukepleiar.

- [Barn og barnepassers sykdom, § 12-9](#)

Etter avtale med leiar kan fråværet takast ut i halve dagar.

- [Omsorg for og pleie av nære pårørende, § 12-10](#)

Arbeidstakar har rett til ulønna permisjon i inntil 10 dagar kvart kalenderår for å gje omsorg til foreldre/ektefelle/sambuar.

- [Militærteneste mv., § 12-12](#)

Rett til løn i permisjonstida for permisjonar nemnt i pkt 4 er heimla i [Hovudtariffavtalen §§ 8 og 9](#) og [folketrygdlova kap. 9 og 14](#).

Voss herad forskotterer løn i inntil ein månad når føresette har rett på pleie- og opplæringspengar.

5 Permisjon ved sjukdom ut over 1 år

Arbeidstakar som får innvilga arbeidsavklaringspengar (AAP) og/eller mellombels uførepensjon frå pensjonskassen, vil få permisjon utan løn frå stillinga si.

Tilsvarende gjeld for arbeidstakar som framleis er arbeidsufør etter maksdato. Dette må dokumenterast med erklæring frå lege eller anna relevant instans.

Arbeidstakar som ynskjer å gjenoppta arbeidet før permisjonen er slutt, kan om mogeleg koma tilbake i sin faste stilling eller i anna stilling i heradet.

Arbeidstakar pliktar å halda arbeidsgjevar informert om utsikta til betring av arbeidsevna og framdrift i eventuelle yrkesretta tiltak.



Arbeidstakar får permisjon utan løn frå si opphavslege stilling så lenge arbeidsretta tiltak held fram og inntil ny fast stilling er tiltredd. Det vert som hovudregel ikkje gjeve permisjon utover to år etter at sjukepengereetten har opphøyr (maksdato).

Arbeidsgjevar skal delta i utarbeidinga av aktivitetsplanen saman med arbeidstakar og NAV. Utvikling/aktivitetsplan må føreliggja før permisjonen vert innvilga. Det er ein føresetnad at tiltaket har som mål å tilbakeføre arbeidstakaren til ei stilling i Voss herad.

6 Velferdspermisjonar

6.1 Permisjon med løn

Tilsette kan få velferdspermisjon med løn i inntil 12 arbeidsdagar pr kalenderår når det ligg føre vektige velferdsgrunnar, sjå [Hovudtariffavtalen § 14.1](#)

For deltidstilsette vert det gjeve permisjon med bakgrunn i arbeidsplan, stillingsstorleik og reelle behov.

For deltidstilsette og tilsette som arbeider etter arbeidsplan/turnus, er det ein føresetnad at vedkomande skal vera på vakt det tidspunktet det vert søkt permisjon for.

Alle saker bør handsamast likt, men det kan gjerast unntak av omsyn til arbeidstakaren sine sosiale tilhøve.

Velferdspermisjon med løn for mellombels tilsette ut over seks månader kan innvilgast etter skjønn.

Døme på velferdsgrunnar er:

- Alvorleg sjukdom i arbeidstakar sin næraste familie
- Dødsfall i næraste familie
- Gravferd til personar som står den tilsette nær (inkl. reisedagar)
- Sjukdom delar av arbeidsdag
- Følgje born mellom 12 år og 16 år i samband med innlegging eller behandling ved helseinstitusjon. For følgje av born inntil 12 år gjeld eigenmelding sjuke born
- Følgje born i vidaregåande skule til medisinsk behandling der følgje er påkrevd
- Følgje sjuke foreldre eller sjuk ektefelle/sambuar til lege/sjukehus. Stadfesting om at følgje er naudsynt må leggjast ved søknaden.
- Under føresetnad av at begge foreldra er i arbeid, vert det gjeve permisjon ved tilvenning av born i barnehage i inntil tre dagar. Retten gjeld for ein av dei føresette dersom begge er tilsette i Voss herad, men dagane kan delast
- Tilsette får permisjon inntil ein halv dag for å følgje born til fyrste skuledag i grunnskulen. Ved særskilte høve kan permisjonen utvidast eller ytterlegare tilretteleggast

Det kan avtalast fleksibelt uttak av permisjonsdagane, t.d. halve dagar.

- Undersøkingar og behandling hjå lege, tannlege, fysioterapeut, kiropraktor o.l. skal så langt det er mogleg leggjast til fritida. Dette gjeld òg når ein følgjer eigne born til tilsvarande avtalar.



Undersøkingar og behandling hjå spesialisthelsetenesta, som ikkje kan leggjast utanfor avtalt arbeidstid, bør som hovudregel innvilgast som velferdspermisjon med løn

For tilfelle ut over dei som er nemnde her, vil arbeidsgjevar etter skjønn avgjera om det skal innvilgast velferdspermisjon med eller utan løn.

6.2 Permisjonar utan løn

Uløna permisjon blir som hovudregel gitt når viktige velferdsgrunnar ligg til grunn og drifta tillet det.

Etter minst fem arbeidsår i teneste kan det innvilgast eit «sabbatsår».

Som hovudregel vert det ikkje innvilga permisjon ved overgang til ny stilling utanfor heradet. Permisjon kan vurderast dersom det er eit vikariat/engasjement som gjev arbeidstakaren fagleg utvikling som er til nytte for heradet. Arbeidsgjevarpolitikken gjev høve til permisjon ved jobbrotasjon.

7 Permisjon ved utdanning, kurs og oppdrag

Arbeidstakar har rett til *uløna* utdanningspermisjon jf. [Arbeidsmiljølova § 12-11](#) og HTA § 14-2 til 14-4.

Det kan gjevast permisjon med heil eller delvis løn til fagleg oppdatering når det er naudsynt. Arbeidstakar kan få permisjon til utdanning som eit ledd i kvalifisering for andre oppgåver/stillingar. Slik permisjon kan vera heilt eller delvis løna eller uløna. Det kan òg gjevast dekning for utgifter.

Permisjon *utan løn* kan òg gjevast når utdanninga er eit ledd i den tilsette si personlege karriereutvikling.

7.1 Utdanningspermisjon, jf. HTA § 14-2

Rett til utdanningspermisjon er regulert i arbeidsmiljølova § 12-11.

7.2 Permisjon ved eksamen, jf. HTA § 14-4

- Det vert gjeve permisjon med løn for eksamensdagar eller dagen for innlevering av heimeeksamen, samt to lese-/skrivdagar for kvar eksamen
- Det er ein føresetnad at den tilsette ville hatt ordinært arbeid dagane rett før eksamensdagen/innleveringsfristen og at faget har betydning for heradet
- Det kan drøftast ytterlegare tilrettelegging ved behov. Ytterlegare tilrettelegging betyr ikkje nødvendigvis fleire dagar med løna permisjon. Døme på slik tilrettelegging kan vera uløna permisjon, avspasering, ferieavvikling eller endra arbeidstid.

7.3 Bindingstid, jf. HTA § 14-3

Arbeidstakar skal skriva under avtale om bindingstid dersom arbeidstakar i samband med utdanning får vesentleg økonomisk stønad frå kommunen. Bindingstid er den avtalte tida arbeidstakar skal gjera teneste i kommunen etter fullført utdanninga.



Bindingstid skal påleggjast når kommunen gjev økonomisk stønad som samla utgjer minst kr 50.000 i året. Det er eitt års bindingstid når samla løn og stønad vert mellom kr 50.000 og 100.000 for eit utdanningsløp, og 2 års bindingstid for løn og stønad over kr 100.000.

Dersom arbeidstakar seier opp stillinga før bindingstida er fullført, skal vedkomande betala tilbake i høve tida som står att. Arbeidstakar må òg betala tilbake motteken stønad dersom utdanninga vert avbroten eller eksamen ikkje vert bestått.

7.4 Permisjonar ved kurs

Deltaking på kurs, seminar og konferansar skal avklarast med næraste leiar. Arbeidstakar som vert pålagt å delta på kurs på fridagar, får fridagar erstatta.

7.5 Oppdrag for eksterne kurs- og opplæringsinstansar

Arbeidstakarar i Voss herad som ynskjer å ta på seg oppdrag for eksterne tilbydarar av opplæringstenester, kan få permisjon *utan løn* når oppdraget skal utførast i arbeidstida. Med oppdrag vert det her meint utvikling av kurs, konferansar, seminar og undervisning/førelesningsoppgåver. Sjå òg reglar for anna løna arbeid.

8 Permisjon for utføring av verv

Arbeidstakar som er pålagt å utføra kommunale eller andre offentlege verv, får permisjon og kan etter søknad få behalda løna si. Det vert som hovudregel gjeve permisjon med løn i inntil 12 arbeidsdagar i kalenderåret.

Arbeidstakar med offentlege tillitsverv som stortingsrepresentant, ordførar e.l. får heil eller delvis permisjon utan løn i valperioden.

Arbeidstakar som vert valt som utsending til nominasjonsmøte ved stortingsval, fylkestingsval eller kommuneval får permisjon med løn.

Arbeidstakar som er innkalla som meddommar i tingretten eller lagmannsretten får etter krav dekka løna hjå domstolen og vert innvilga uløna permisjon. Kommunen stadfestar tapt arbeidsforteneste.

Arbeidstakarar som er kalla inn som vitne for domstolane, vert innvilga uløna permisjon. Når arbeidstakar vert kalla inn som vitne i eigenskap som tilsett i kommunen, inngår dette i arbeidstida.

Tillitsvalte kan få permisjon etter reglane i hovudavtalen §§ 3-4, 3-5 og 3-6.

Andre permisjonssøknader med eller utan løn i samband med tillitsverv vert avgjort i kvart enkelt tilfelle.



9 Andre permisjonar

- Dersom drifta tillèt det, vil det som hovudregel gitt permisjon med løn når ein blir kalla ut til redningsaksjonar og beredskapsteneste.
 - Arbeidstakar får permisjon utan løn for feiring av religiøse og nasjonale høgtidsdagar som ikkje er offisielle etter norsk kalender. [Rett til fri ved religiøse høgtider.](#) (Lov om trdomssamfunn og ymist anna)
 - Arbeidstakar som skal ta del i internasjonalt arbeid (FN utanrikstenesta, bistandsorganisasjonar o.l) kan få permisjon utan løn, som hovudregel i inntil 2 år. Dette gjeld også ev. ektefelle/sambuar
 - Det kan innvilgast uløna permisjon ved større kultur- og idrettsarrangement om drifta tillet det
-
- Ifølgje arbeidsmiljølova § 10-2 (4) har *arbeidstakar rett til å få redusert arbeidstida si dersom det er behov for det av vektige velferdsgrunnar, og arbeidstidsreduksjonen kan gjennomførast utan vesentleg ulempe for verksemda.* Dette er ikkje ein permisjon, men ein avtalt reduksjon i arbeidstida for ein definert periode. Arbeidstakar som ynskjer å gjenoppta arbeidet, må varsle leiar minst 6 månader på førehand.

10 Klage på permisjonar

Arbeidstakar kan krevje at avslag på permisjonssøknad etter reglementet vert handsama av stabs- / kommunalsjef. Ved eventuelt avslag skal leiar gjere søkjaren kjend med denne retten. Ved anke må arbeidstakar sende denne til stabs- / kommunalsjef seinast 5 virkedagar etter at vedkomande er gjort kjend med avgjerda.

11 Implementering og revidering

HR-avdelinga har ansvar for implementering og revidering av permisjonsreglementet.

Det skal vera ein årleg gjennomgang med hovudtillitsvalde for gjennomgang av praksis/erfaringar.

Dokument – ID

Utarbeidd av: HR og innovasjon

Godkjend av/dato: Administrasjonsutvalet 11. mars 2021

Revidert:

Neste revisjon:

Saksnummer i 360 online: 20/08196